



Bli ein aktiv del av den digitale kvardagen til barna!

Samarbeid mellom heimen og barnehagen

Råd frå
FUB

- ✓ Ta turen på nettet saman! Små barn bør ikkje vere på Internett åleine, men saman med foreldra sine eller andre trygge vaksne.
- ✓ Sørg for at rådsorganet til barnehagen er involvert i den digitale kvardagen til barna og bruken av digitale verktøy i barnehagen.
- ✓ Sjå til at alle barn, uansett funksjonsnivå, får likestilt bruk av digitale verktøy.
- ✓ Sørg for at alle foreldre får god informasjon om og høve til å vere med på å evaluere bruken av digitale verktøy i barnehagen.
- ✓ Ta opp nettvanar som tema på foreldremøte i barnehagen.




Foreldreutvalet
for barnehagar

Bli ein aktiv del av den digitale kvardagen til barna!

Dagsorden i samarbeids- utvalet til barnehagen

Råd frå
FUB

- ✓ Kva kompetanse dei tilsette har om den digitale kvardagen til barna.
- ✓ Korleis barnehagen bruker digitale verktøy saman med barna.
- ✓ Korleis barnehagen tek vare på personvernet til barna.
- ✓ Korleis barnehagen tek vare på nettryggleiken til barna i barnehagen.
- ✓ Korleis bruken av digitale verktøy i barnehagen blir evaluert.



Foreldreutvalet
for barnehagar

Bli ein aktiv del av den digitale kvardagen til barna!

Samarbeid på barnehageavdelinga

Råd frå
FUB

- ✓ Ta initiativ til å snakke med andre foreldre i barnehagen om dei digitale vanane og den digitale kvardagen til barna, og bygg foreldrenettverk.
- ✓ Bruk foreldremøta, og samarbeid med barnehagen om nettvett og ting som har med den digitale kvardagen til barna å gjere.
- ✓ Hjelp kvarandre til å følgje med på dei digitale vanane og den digitale kvardagen til barna.
- ✓ Informer foreldra dersom barna har sett skremmande innhald på nett.
- ✓ Ta kontakt med barnehagen dersom de er uroa for dei digitale vanane og den digitale kvardagen til barna.



Foreldreutvalet
for barnehagar

Bli ein aktiv del av den digitale kvardagen til barna!

Til foreldre

Råd frå
FUB

- ✓ Ver medvitne på deling av bilete og historier i sosiale medium. Kva er til det beste for barnet (ditt)?
- ✓ Set deg inn i kva den digitale kvardagen betyr for barn i dag.
- ✓ Tenk gjennom kva rammer de ønskjer å ha for medie- og teknologibruk heime.
- ✓ Hugs at vala du tek for barnet ditt når det gjeld digitalbruk, kan få konsekvensar for andre barn.
- ✓ Lær barna gode nettvantar tidleg.
- ✓ Ver eit godt førebilete.
- ✓ Ver oppdatert og årvaken, ikkje overvakande.
- ✓ Gjer det trygt for barna å seie frå.
- ✓ Snakk med andre foreldre om dei digitale vanane og den digitale kvardagen til barna.
- ✓ Be om hjelp dersom du er uroa for barnet ditt.
- ✓ Informer barnehagen om uroa du kjenner på.
- ✓ Meld frå til politiet om alvorlege saker.



Foreldreutvalet
for barnehagar